

# Progresjonsplan Sæ barnehage

2017/2018

 Sæ Barnehage as

# Rammeplan seier;

«Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine» rammeplan s. 44



# Sæ barnehage sin progresjonsplan

Sæ barnehage sin progresjonsplan tek ikkje utgangspunkt i alder men i ulike "trappetrinn" me meiner byggjer naturleg på kvarandre. På dei ulike nivåa i «trappa» kan det vere barn av ulik alder avhengig av det enkelte barns utvikling . Eit barn kan også befinne seg på ulike trinn på ulike fagområde. Vår oppgåve som pedagogar, fagarbeidarar og pedagogiske medarbeidarar er å finne barnet sin ståstad og byggje vidare på desse med dei tiltak som nevnes i planen, slik at kvart enkelt barn får tilpassa utfordringar og ein god progresjon. Når me beveger oss frå eit trinn til eit anna betyr det ikkje at me legg vekk det me har gjort på trinnet før. Me kan bevege oss mellom trinna, då me veit at gjentaking tilfører nye element og har god læringseffekt. Me legg til rette for gjentaking og progresjon ut frå alder og modning .



# Fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst»:

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna

- uttrykker kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar
- bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar
- vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd
- leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord
- møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer
- opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar
- Personalet skal skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede



# Trinn 1;

## Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Tilsette er tilstade, sit på golvet, tolkar, lyttar til barn sine signal og responderer på desse.

Stadfestar og set ord på gjenstandar og handlingar saman med barna.

Korte setningar og ikkje mange ord.

Nytte song / rim / regler, eventyr og bøker m/ konkretar for understøtte omgrep. «familien min»

Ta barna med på turar i nærmiljø med vekt på samtale og undring

Samtale med barna om kjenslene glad/ redd/ sint /trist.

Tur taking i samtale og leik – dialog.

Dei vaksne skapar eit språkstimulerande miljø i alle kvardagssituasjonar ,som påkledning, bleieskift, måltid, samling, høgtlesing m.m. Nytte biletbøker.

Ha fokus på at barnet opplever ein trygg relasjon med vaksne og barn, som grobottn for god kommunikasjon. «trygghetssirkelen»

Vaksne som rettleier med modellsetningar og modellåtferd

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Bruke song / rim / regler /nonsensord

Dei vaksne nyttar bøker / eventyr , nytte konkretar, les for barna og dramatisere

Barna er med på samlingstund og turar med vekt på samtale og undring

Laga forteljingar saman med barna ( -skriv dei ned )

Bruke tankekart i planlegging av tema , saman med barna.

Møte symbol som tal og bokstavar i sitt daglig miljø, oppmuntre til «hermeskriving»

Dei vaksne legg til rette for og deltek i rolleleik med fokus på at barn lærer seg leikekoden .

Hjelpe barna til å setje ord på kjensler som glad, redd, sint og trist – gode dialogar. Viktig å ta tid tid samtale.

Verbal og non-verbal konfliktløsning ved hjelp av modellåtferd og modellsetningar

Fordjuping i tema, ord, bøker, og nytta digitale verktøy i arbeidet.

Spela enkle spel som lyd lotto, biletlotto m.fl.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Dei vaksne gir tid og rom for frileik / leikelesing / språkhumor/gåter.

Arbeider med tekstskaping , nytte digitale verktøy.

Vere undrande og støttande saman med barna i forhold til bokstavar, lesing og omgrepsforståing.

Fordjuping i bøker/tema/prosjektarbeid , oppsøke bibliotek andre instansar.

Bruke tankekart i planlegging av tema, prosjekter.

Verbal og non-verbal konfliktløysing ved hjelp av modellåtferd og modellsetningar . Bruke språket aktivt til å setje ord på og kjenne igjen kjensler. Reflektere saman med barna over eigne handlingar.

Turar i nærmiljø og andre stader i regionen. – felles referanse.

Spele spel som lotto, memory og kortspel

# Fargområde: «kropp, rørsle, mat og helse»

- gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna
- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt
- blir kjende med eigne behov, får kjenskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald
- vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar
- opplever å vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine eigne kjensler





# Trinn 1:

## Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Gi og leggeje til rette for opplevingar gjennom sansane .

La barna bruka uteleikeplassen og nærområde til å få erfaring med ulike underlag. Glede og erfaring ved å vere ute i naturen .

Ha gode rutinar for stell, hygiene. La barna øva på å eta sjølv , drikka av kopp og eta med skei , verta sjølvstendig.

Planleggeje slik at det er veksling mellom aktivitet og kvile etter barnas behov.

Dans og rørsle.

Gi barna erfaring med ulike typar mat og smakar som inngår i eit sunt kosthold. La barna oppleve fellesskap med andre under måltid.

Setje ord på ulike kroppsdeler.

leggje til rette for at barna får aktivt bruke kroppen ute og inne , rom for toddlerkultur.

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid :

Gå turar i skogen og nærmiljøet ( - ulendt terreng ) legge til rette for å utvikle motoriske ferdigheter slik at barna får positiv sjølvkjensle gjennom eigen mestring . Balansera på stokkar og liknande, Øva på av- og påkleding.

Fokus på finmotorisk aktivitetar klippe, teikne, perle.

Songleikar med rørsle

Samtale med barna om rutinar for toalettbesøk . Handvask etter toalettbesøk og før måltid.

Organisere faste tur dagar i nærmiljø og bruke bussen på lengre turar.

Gi barna erfaring med ulike typar mat og smakar som inngår i eit sunt kosthold. Øva på å tømme drikke i koppen under måltid og smørje eigen mat.

La barna sykla, på barnehagen sine sykklar.

Nytte naturen saman med barna til utforsking og kroppslege utfordringar.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

La barna setje ord på kva dei kan, er gode til og ynskjer å øva på

Vere med å tilberede måltid og gjerne smørje si eiga niste.

Barna kan få bruke verktøy i større gard enn tidlegare, sag , øks, kniv.

La barna øve på å bli sjølvstendig i rutinesituasjonar

Øva saman med barna på å bruka sansane ( syn, høyrsel, lukt, smak, taktil ) t.d. ved trafikktryggleik .

La barna gjere erfaringar med å meistre eigen kropp, gjennom klatre, springe, rulle, kaste og ta i mot ball. Bruka naturen som klatrestativ.

Være medviten jamleg bruk av naturen som arena for barns utvikling av kroppsleg meistring – lengre turar

La barna regulere eigne behov. Kle av seg når ein er varm, drikke om ein er tørst . Kle seg etter været. Dei vaksne er ansvarleg .

# Fagområdet «kunst, kultur og kreativitet»:

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna

- har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttryksformene
- bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne
- møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttryksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre
- bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhvarsl

Utdrag Rammeplan



## Trinn 1:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Gi barna erfaring med ulike taktile materiale som t.d. sand, maling og leikedeig .

I arbeidet med barna ha fokus er sansing og skaparglede, ikkje produktet

Gi barna musiske opplevingar, song, musikk og dans.

Nytte rytmeinstrumenter.

Dramatisere for barna enkle eventyr ved hjelp av konkretar

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid :

Barna skal verta kjend med og bruka ulike materiale . Få kjennskap til dei ulike eigenskapane til materiala. Tilgang på ulike fargar ved male og teikne aktivitet, og vaksne som aktivt nyttar fargenamna

Møter barna der dei er prøve å ta utgangspunkt i interesse /fokus. Møte skapar gleda.

Besøk biblioteket , museet, Høgskulen . m.m.

Oppleva at uttrykk og ytringar vert sett og oppfatta av andre.

Tilgang på litt enkle utkleddningskle og hjelp til å utforske ulike uttrykk.

Ta omsyn til barna sine musikk ynskjer, leite fram på nett, Youtube, Spotify osv.

Delta på førebuing til tradisjonar som jul, påske og karneval, med ulike formingsaktivitetar, dramatisering og sangar.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Introdusere ulike kultur uttrykk for barna . Arbeide med to og tre dimensjonale uttrykk.

Nytte fleire kreative teknikkar som veving, fingerhekling, lage spå. Saman med barna.

La barna bli kjent med lokalmiljøet sitt. Med kulturminner og kulturtilbod.

Lage musikk kulisser og kostymer saman med barna til førestelling.

Folkevisedans/songleikar saman med barna

La Barna lage eigen musikk ved hjelp av instrument som dei lagar sjølv til t.d. karneval, rytmeinstrumenter. Nytte instrument som barnehagen har tilgang på.

# Fagområdet «natur, miljø og teknologi»:

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna

- får oppleve og utforske naturen og mangfoldet i naturen
- får gode friluftslivopplevelingar året rundt
- får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- får kunnskap om dyr og dyreliv
- lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på
- får kjennskap til livssyklusen til mennesket

Utdrag frå rammeplan



## Trinn 1:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Gå korte turar saman med barna på uteområdet i barnehagen , og kring barnehagen. Særlig fokus Skogen .

La barna oppleva og få kjennskap til naturkreftene ved å vera ute i allslags ver.

Me opplever verda saman med barna, Studere det me finn ute, som planter, dyr og insekt

Kjeldesortering , barna får kjennskap til at dei vaksne gjer dette.

Nytte digitale hjelpemiddel, til å vise bilete, spele musikk saman med barna.

Fokus på teknikk i nærleiken, lysbryter, vannkran, osv.

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Barna plante sine egne grønsaker og blomar. Få erfaring med jord, luft, vatn og stein.

Stimulere barna til undring kring naturens syklus.

Barna opplever faste turdagar.

Friluftaktiviteter og uteleik er ein naturleg del barnehagekvardagen .

Barna deltek i daglege gjeremål.

Setje namn på tre/ planter, insekt m.m. som me møter på vår veg .

Nytter oppslagsverk på nettet eller andre oppslagsverk i barnehagen .

Kildesortering, barna er med å kastar boss i riktige behalderar.

Innimellom plukkar me boss då me er på tur.



## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Snakka saman med barna om korleis me tek vare på naturen i nærmiljøet og dei som lever der.

Barna er med til miljøstasjon for å kaste plast , flasker osv.

Setja namn på våre mest kjende planter, tre, dyr og fuglar, og oppsøke fakta om desse på internett eller i bøker.

Prøva ut fysiske fenomen som t.d. vind/fly med drage, flyte/søkke i vatn. Stimulere til undring og spørsmål kring teknologi og fysikk.

Me gir barna erfaring og kunnskap om dyr og vekstar, og deira gjensidige avhengighet av betydning for matproduksjon.(dette barnehageåret har me eigen gris )

# Fagområdet «mengd, rom og form»:

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- oppdagar og undrar seg over matematiske sammenhengar
- utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep
- leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene
- bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing
- undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på forskjellige måtar
- undersøker og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk

Utdrag frå rammeplan



## Trinn 1:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Ta barna med å sortera / rydda klossar og anna i rett kasse, enkle Puzzle spel.

Gi barna erfaring med bruk av talrekkja « i her og no situasjonar». Telle barna, fingrar og tær.

Vaksne er bevisst eige språk og nyttar dette aktivt. Set namn på omgivnadane, og nyttar omgrep som stor-liten .

Bruke naturen som læringsarena for teljing og former.

Gje barna høve til å leika med ulike materiale som sand og vatn. Erfare rom og form med kroppen.

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Klassifisera ting etter farge , form og storleik

Leike saman med barna med ulike matematiske omgrep som ein , fleire, lik, ulik, over, under osv.

La barna sjå og erfare geometriske former som trekant, rektangel, kvadrat, sirkel. Pusle puslespel og konstruksjonsleik .

Me støttar opp under barns utforskar trong og nyfiken skap..

Barna er med å setje på plass varer og hente fram ingredienser til matlaging.

Leik med tall, spele enkle spel.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette i barnehagen:

La barna utforska og erfara tal, bokstavar, og andre symbol gjennom leik, samtale og aktivitetar.

Ta barna med på å lage mat, ha fokus på mål, vekt, undring og samtale.

Hjelpe barn i å finne og sjå samanhengar i kvardagen sin. Få hjelp til å undre seg, trekkja tråar.

Introdusere omgrep om tid: Dag, månad, år

# Fagområdet «etikk, religion og filosofi»:

Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna

- får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål
- får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar
- får forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på
- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap

*Utdrag frå rammeplanen*



# Trinn 1

## Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Vaksne er gode rollemodeller for barna

Barnet får kunnskap og erfaring om kvardagen i barnehagen gjennom leik og aktivitet saman med andre

Samtale om kjenslene: Glad, sint, trist, redd .

Bli kjend med eige følelses mønster.

Deltar i markering / feiring av ulike tradisjonar og høgtider

Samtale og erfare at me alle er ulike, humør, vekst, hudfarge.

Me er på golvet med barna, brukar her og no situasjonen til samtale og nærvær.

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Eg og dei andre - kva er likt og kva er ulikt. Utvikle interesse og respekt for andre , erfare at alle er unik og verdifull.

Erfare at egne val og handlingar kan påverka situasjonar. Oppmuntre barna til å legge merke til at ulike settingar har ulike forventningar. Me er stille på teater og på biblioteket, medan me kan springe ute.

Fokus på sosial kompetanse – korleis vere ein god venn.

Barna er med på å forberede, og deltar i markering/feiring av tradisjoner og høgtider

Me hjelper barn med å identifisere egne og andre sine kjensler og handla etter dette.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Dei vaksne er medviten sin rolle som modell.

Barn og vaksne reflektere saman over egne handlingar og handlingsalternativ.

Må lære å ta ansvar for egne handlingar. Og å setje seg inn i andre sin ståstad.

Reflektere over kva det er å vere ein god venn ? å vere den eg er?

Visa respekt og toleranse for kvarandre, delta aktivt i konfliktløysing.

«den gylne regelen» vere mot andre slik du vil at dei skal vere mot deg

# Fagområdet «nærmiljø og samfunn»:

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna

- blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking
- erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- blir kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar
- blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
- blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur
- får kjennskap til nasjonale minoritetar

Utdrag Rammeplan





## Trinn 1:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid;

Meg sjølv og familien min, oppleve å bli kjent med og trygg i barnehagen.

Barn får erfare at dei har medverknad i barnehagekvardagen . Personalet er tilstade og i aktar og tolkar barnas kroppsspråk og handlar etter dette.

Turar i nærmiljø , parken , ås skogen , sentrum

## Trinn 2:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Barn er medverkar i sin eigen kvardag . Dei vaksne er medviten å la dei delta.

Reisa på minibusstur for å oppleva . Gå på turar i nærmiljø . Turar i nærmiljø, sentrum, storddøra, kyrkja og kyrkjeberget, lavvo plassen , Knudsaåsen, bibliotek.. m.m. faste turdagar.

Barna får val , erfare at fleirtalet gjerne overprøver den enkelte sine ynskjer.

Nytte samtale aktivt i medbestemming. Og praktisera tur taking.

## Trinn 3:

### Mål for dei tilsette sitt arbeid:

Delta på markering av barnehagedagen og andre større arrangement.  
Kjennskap til samisk kultur , vår kultur . Kjennskap til ordførar , konge .

Leggje til rette for besøk av bedrifter / arbeidsplassar som har tilknytning til barna i barnehagen .

Besøke institusjonar og stader utanfor øya.